

MIDSUND KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

---

04.12.2013

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I MIDSUND KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, den 10.12.2013 kl. 17.15 på  
Midsund kommunehus**

**SAKLISTE:**

- Sak 18/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 01.10.2013
- « 19/13 - Oppfølging av forvalningsrevisjonsrapport om RIR
- « 20/13 - Økonomirapport 2. tertial 2013
- « 21/13 - Prioriteringar 2014 (Drøftingssak)  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Johan Oppen  
leiar  
(sign.)

MIDSUND KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

---

04.12.2013

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I MIDSUND KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, den 10.12.2013 kl. 17.15 på  
Midsund kommunehus**

**SAKLISTE:**

- Sak 18/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 01.10.2013
- « 19/13 - Oppfølging av forvalningsrevisjonsrapport om RIR
- « 20/13 - Økonomirapport 2. tertial 2013
- « 21/13 - Prioriteringar 2014
  - Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Johan Oppen  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
MIDSUND KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 1. oktober 2013, kl. 17.15

Møtestad: Midsund kommunehus

Møtet vart leia av: Johan Oppen

Elles til stades:

Kåre Bjørnerem og Svanaug Lillebø Rakvåg

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.

Frå Midsund kommune møtte ordførar Einar Øien, rådmann Kjetil Uggelvik og økonomisjef Anne Oterhals.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 11/13**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 7. MAI 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 7. mai 2013 blir godkjent.

**SAK 12/13**

**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON MIDSUND KOMMUNE**

Innstilling datert 23.09.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

I prioritert rekjkjefølge av forvaltningsrevisjonane det er lagt opp til (1 – 2 rapportar), er det gjort slik rangering:

1. Intern styring og kontroll
2. Sakshandsaming/vedtaksoppfølging

Kontrollutvalet får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert prosjektinnhald innanfor dei tema som kommunestyret gjer vedtak om.

## **SAK 12/13**

### **PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL – MIDSUND KOMMUNE, NY BEHANDLING**

Innstilling datert 23.09.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

#### **Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

Det blir teke sikte på selskapskontroll i desse selskapa:

- Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR)
- Møre og Romsdal Havn IKS
- Krisesenteret for Molde og omegn IKS
- GassRor IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

Kontrollutvalet og kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å ta drøftingar med Møre og Romsdal fylkeskommune og Molde kommune om kva type kontrollar som skal bli utført.

## **SAK 14/13**

### **PRAKTISERING AV SJØLVKOSTPRINSIPPET INNAN VATN, AVLØP OG SLAMTØMMING I MIDSUND KOMMUNE**

Innstilling datert 23.09.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

#### **Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

1. Kommunen bør vurdere å endre rutinane slik at ein får betre kvalitetssikring av at gebyrutrekningane er korrekte.
2. Kommunen bør vurdere å ha faste retningsliner på kor ofte ein skal ha gjennomgang av indirekte utgifter.
3. Kommunen bør vurdere å auke gebyra innan slamtømming.
4. Kommunen bør vurdere å vedta at den nye rettleiaren frå KRD skal være bindande for sjølvkosberekingane.

**SAK 15/13**  
**OPPFØLGING AV TILSYNSRAPPORTAR**

Saksdokument datert 23.09.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.  
Rådmannen ga ei orientering.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 16/13**  
**VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 – MIDSUND KONTROLLUTVAL**

Saksdokument datert 23.09.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettet for kontrollutvalet si opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 25.000 kroner.

**SAK17/13**  
**GJENNOMFØRING AV BUDSJETTERTE INVESTERINGAR**  
(Saka kom opp under eventuelt)

Budsjetterte kommunale investeringar blir ofte overført til året etter grunna kapasitetsmangel. Dette går då utover gjennomføring av viktige oppgåver. Det er viktig at slike problemstillingar blir vurdert i budsjettprosessen.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har saka til observasjon.

Neste møte 10.desember

Johan Oppen  
leiar  
(sign.)

Kåre Bjørnerem  
nestleiar  
(sign.)

Svanaug Lillebø Rakvåg  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Midsund kommune

Dato: 04.12.2013

**SAK 19/13  
OPPFØLGING AV RAPPORTEN «SELSKAPS KONTROLL I  
ROMSDALSHALVØYA INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSELSKAP IKS»**

Som vedlegg følgjer:

- Ovannemde rapport

I kontrollutvalsak 07/11 la kontrollutvalet la fram slik innstilling til kommunestyret som kommunestyret slutta seg til:

1. *Midsund kommunestyre sluttar seg til dei anbefalingane som kjem fram i avsnitt 7.1 i rapporten, jf også brev frå kommunerevisjonen datert 14. mars 2011.*
2. *Midsund kommunestyre vil gjennom sin representasjon i selskapet arbeide for at anbefalingane i avsnitt 7.2 blir oppfylt.*
3. *Kommunestyret ber kommunerevisjonen følgje opp rapporten gjerne med ei vurdering av sjølvkostkalkylene til RIR IKS.*

Av oppfølgingsrapporten av 10. desember 2012 går det fram at administrasjonen i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS har fått på plass mykje av det representantskapet ba administrasjonen om å følge opp innanfor tema som kryssubsidiering frå hushaldningsavfall til næringsavfall, innføring og dokumentasjon av system som skal hindre kryssubsidiering mellom eigarkommunane og som verkar inn på sjølvkostprinsippet Midlar er også avsett til etterdriftsfond.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Saka blir å oversende kommunestyret

Harald Rogne  
dagleg leiar

## **Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal**

Telefon: 71 11 14 53 - direkte  
Telefon: 71 11 10 00 - hovedkontor  
Telefaks: 71 11 10 28  
E-post: [grete.gjendem@molde.kommune.no](mailto:grete.gjendem@molde.kommune.no)  
Organisasjonsnr.: 976 663 268

Representantskapet i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS  
Årøsetervegen 56  
6422 Molde

Deres referanse:

Vår referanse:  
Grete Gjendem

Arkivkode:

Sted/dato  
Molde, 10. desember 2012

### **Oppfølging av rapporten "Selskapskontroll i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS"**

Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal gjennomførte i 2011 en selskapskontroll av Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS. Kontrollutvalgene i Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde og Nesset bestilte denne selskapskontrollen. Representantskapet i RIR IKS har tidligere vedtatt at styret skulle få utarbeidet en forvaltningsrevisjonsrapport om selskapet. Kontrollen omfattet både utøvelsen av kommunens eierskap i selskapet (eierskapskontroll) og driften av selskapet (forvaltningsrevisjon). Formålet med prosjektet var å vurdere om

- kommunenes eierstyring av RIR IKS utøves i tråd med reglene for dette
- selskapets interne styring utøves i tråd med regelverket
- økonomistyringen i RIR IKS er i tråd med regelverket

I vår rapport av februar 2011 gjorde vi rede for våre funn. Ut fra dette anbefalte vi, i punkt 7.2 i rapporten, at selskapet særlig må iverksette tiltak innen følgende hovedområder for å sikre god selskaps- og økonomistyring:

- innføre og dokumentere et system som sikrer at det ikke foregår kryssubsidiering fra husholdningsavfall til næringsavfall
- innføre og dokumentere et system som sikrer at det ikke foregår kryssubsidiering mellom den enkelte eierkommune
- løpende sette av tilstrekkelige midler til etterdriftsfond
- vurdere om daglig leder bør ha bierverv i datterselskap

Representantskapet i RIR IKS behandlet rapporten i møte 27. mai 2011, sak 5/11, og gjorde følgende vedtak:

1. I RIR IKS skal kostnader til innsamling av avfall fordeles likt på alle abonnenter, uavhengig av hvor abonnementen bor.
2. I RIR IKS skal kostnader til drift av miljøstasjoner i selskapets virksomhetsområde fordeles likt på alle abonnementene i RIR-området.
3. I den grad enkelte kommuner i en periode påfører selskapet spesielle kostnader, skal disse fordeles likt på alle abonnementene i RIR-området.
4. De øvrige kommentarer fra revisjonen blir håndtert av administrasjonen og styre i henhold til saksframlegget.

Nedenfor er revisjonens vurdering av hvordan representantskapets vedtak er fulgt opp. Revisjonen har bedt om administrasjonens vurdering av hvordan vedtaket er fulgt opp. Denne er vedlagt.

Rapporten er bygd opp etter de fire anbefalingene som revisjonen kom med i punkt 7.2 i vår rapport. Til sist gis det en samlet vurdering av administrasjonens oppfølging.

**Innføre og dokumentere et system som sikrer at det ikke foregår kryssubsidiering fra husholdningsavfall til næringsavfall**

Vi påpekte i rapporten at det ut fra selvkostprinsippet ikke er tillatt å benytte midler fra gebyr på husholdningsavfall til å subsidiere innsamling og håndtering av næringsavfall. Revisjonen mener det er innenfor regelverket å benytte sjablongsatser for fordeling av utgifter mellom RIR IKS og datterselskapet RIR Næring AS. Sjablongene RIR IKS benyttet er utviklet ved å dele alle utgifter og inntekter likt på alt innsamlet avfall, uavhengig om det kommer fra husholdning eller næring. Dette vil i utgangspunktet gjøre at den avfallssorten det er mest av subsidierer den avfallssorten det er minst av, det vil si at husholdningsabonnementene subsidierer næringsabonnementene.

Daglig leder skriver i sin tilbakemelding at det er gjort et arbeid med gjennomgang av rutiner for behandling av eksterne fakturaer, og også internfaktureringen fra RIR IKS til Rir Næring AS er lagt om. Noen fakturaer må splittes internt, og der det ikke er eksakt grunnlag for splitting, gjøres det etter en sjablong avhengig av avfallsmengde eller årsverk.

Etter vår vurdering er administrasjonen godt i gang med å følge opp anbefalingen i rapporten.

**Innføre og dokumentere et system som sikrer at det ikke foregår kryssubsidiering mellom den enkelte eierkommune**

Administrasjonen skriver i sin saksutredning til representantskapet at selskapet er opprettet for å få stordriftsfordeler, både gjennom innsamling og behandling av avfallet. Det er selskapets ansvar å etablere løsninger som til enhver tid er billigst mulig for selskapet og dermed for alle kommunene og abonnementene.

Representantskapet i RIR IKS vedtok at i den grad enkelte kommuner i en periode påfører selskapet spesielle kostnader, skal disse fordeles likt på alle abonnementene i RIR-området.

**Løpende sette av tilstrekkelige midler til etterdriftsfond**

Vi tok opp i rapporten at avfallsdeponier vil kunne skape miljømessig problem lenge etter at de er stengt. Eiere av avfallsdeponier må derfor sette av midler til etterdrift av deponiet i minst 30 år. Ved en nedleggelse av selskapet eller om selskapet ikke kan svare for sine forpliktelser, vil forpliktelsene til etterdrift gå over til eierkommunene ut fra deres andel i selskapet.

Administrasjonen i RIR har fått utarbeidet en egen rapport med vurdering av behovet for etterdriftsfond. Oppbygningen av dette fondet er satt inn i økonomiplanen.

Etter vår vurdering er revisjonens anbefaling fulgt opp.

### **Vurdere om daglig leder bør ha bierverv i datterselskap**

Daglig leder i RIR IKS er også daglig leder i RIR Næring AS. Som det fremgår av rapporten mener revisjonen at styret i RIR IKS bør vurdere om det er hensiktsmessig at daglig leder i selskapet har slikt bierverv i forhold til habilitet.

Etter tilbakemelding fra administrasjonen er spørsmålet diskutert i styret i RIR IKS og RIR Næring AS som per i dag ikke har funnet grunn til å gjøre endringer.

### **Samlet vurdering av kommunens oppfølging**

Revisjonen har vurdert administrasjonens oppfølging av representantskapets vedtak knyttet til vår rapport om selskapskontroll i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS av februar 2011. Etter vår vurdering har administrasjonen tatt tak i våre anbefalinger på en god måte og fått på plass mye av det som representantskapet ba administrasjonen følge opp.

Vi ser ikke grunn til flere særskilte undersøkelser på dette området.

Med hilsen

Grete Gjendem  
forvaltningsrevisor

Vedlegg: Brev fra daglig leder datert 15.11.12

Kopi: Daglig leder Jan-Egil Korseberg



Romsdalshalvøya  
Interkommunale  
Renovasjonsselskap IKS

Kommunerevisjonsdistrikt 2  
Møre og Romsdal  
Rådhusplassen 1  
6413 MOLDE

Årøsetervegen 56, 6422 Molde  
Tlf.: 71 21 34 50  
Fax: 71 21 34 60  
E-post: rir@rir.no  
www.rir.no  
Bankgiro: 9650.27.14985  
Org. nr. NO 971 042 656 MVA

Saksnr. Doknr. Arkivkode Avd/Sek/Saksb Deres ref. MOLDE, 15.11.2012  
12/14 12/556 026 RIR/ADM/JEK


## OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL

Vi viser til brev av 05.11.12 som ber om tilbakemelding fra RIRs administrasjon på hvordan representantskapets vedtak om "Selskapskontroll i RIR IKS av februar 2011" er fulgt opp.

Rapportens momenter ble av administrasjonen delt inn i a) anbefalinger, b) bør vurderes og c) pålegg. Denne inndelingen ble med noen justeringer, bekreftet som korrekt av kommunerevisjonsdistriktet i mail av 06.04.11. Vi vil derfor benytte denne samme inndelingen for vårt svar.

### Anbefalinger

Kapittel	Kommentar	Behandling	Status nov 2012
3.2	Prognose for årsresultat på tertialrapportene.	Gjøres for tertial 2.	Utført, månedlig fra juli.
3.3.1	Offentlig postjournal.	Legges ut på hjemmeside.	Utført
3.3.3	Etiske retningslinjer mangler.	Utarbeides administrativt og styrebehandles.	Under arbeid. Legges fram i første møte på nyåret.
4.2	Utvidelse av notene til regnskapet for å vise selvkostberegningen.	Vurderes i forbindelse med neste årsrapport.	Utført
5.1.2	Driftsavtale mellom IKS og Næring AS endres.	Rettes opp administrativt, styrebehandles i begge styrer.	Utført
5.1.3	Bedre adskillelse av fakturaer til Næring AS.	Følges opp administrativt.	Utført, se kommentar 1
5.5.2	Rutiner for avhending av eiendeler.	Utredes administrativt.	Ikke vært aktuelt ennå



## Bør vurderes:

Kapittel	Kommentar	Behandling	Status nov 2012
3.1	Nominasjonsprosessen kan gi skjev kompetanse i styret.	Oversendes nominasjonskomiteen ved neste valg.	Utført
3.1	Styreinstruks.	Eksisterende instruks revurderes av styret i forbindelse med konstituering.	Tas opp i senere møte.
3.1	Sammensetning av styret i RIR Nærings.	Sak i Repr.skapet før neste valg.	Overlatt til generalforsamlingen i RIR Nærings AS.
3.1	Åpenhet rundt styrets møter.	Informasjon legges ut på hjemmesiden.	Utført
3.2	Samme daglig leder i IKS og Nærings AS.	Vurderes av styrene.	Utført
5.1.3	Sjablongene for kostnadsfordeling mellom IKS og Nærings vurderes jevnlig.	Følges opp administrativt.	Utført, se kommentar 1.
6.2	Fordeling av selvkostfond pr. kommune.	Vurderes i styresak.	Fordeles som driftstilskuddet.

## Pålegg.

Kapittel	Kommentar	Behandling	Status nov 2012
4.2	Avgi konsernregnskap.	Vil gjøres fra 2011.	Utført
5.1.4	For framtiden dokumentere vurderinger som blir gjort ved kapitalinnskudd i annen virksomhet.	Følges opp av styret.	Ikke vært aktuelt ennå.
5.2.1	Skal innsamlingskostnader fordeles på samme måte som behandlingskostnader?	Besluttes av Repr.skapet	Avslått av rep.skapet.
5.2.1	Skal driftsutgifter til miljøstasjoner fordeles likt på kommunene?	Besluttes av Repr.skapet	Avslått av rep.skapet.
5.2.1, 5.2.2	Innføring av system for å sikre at kostnader knyttet til en kommune ikke belastes de andre.	Besluttes av Repr.skapet	Avslått av rep.skapet.
5.4	Beregne kostnader til etterdrift av deponiet.	Utredes administrativt med egen pris for næringskunder.	Utført, se kommentar 2.
5.5.1	Endring av rutiner for anskaffelser.	Utredes administrativt.	Anskaff.protokoll innført.
5.5.3	System for å hindre kryss-subsidiering ved salg av varer og tjenester.	Utredes administrativt, dagens system med 2 prislister vurderes.	Utført, se kommentar 3.
5.6	Sponsoraktiviteter ikke inn i selvkostregnskapet.	Vurderes av styret.	Nytt regelverk vedtatt av styret
6.1	Etterkalkyle på selvkostområdet mangler.	Utredes administrativt.	Utført, se kommentar 4.

Rapportens konklusjoner i kapittel som påligger eierkommunene:

Kapittel	Kommentar	Behandling	Status nov 2012
2.2.2	Godtgjøring til medlemmer i repr. skapet	Utredes av RIR og oversendes kommunene. Ny selskapsavtale	Kommunene får oppmøteliste etter hvert møte. RIR betaler ikke.
2.2.2	Eksplisitte vedtak om honorar til ulike verv.	Legges fram av RIR i repr. skap-sak.	Utført
2.2.2	Åpenhet rundt møter i repr. skapet	Utredes av RIR i forbindelse med ny selskapsavtale.	Utført

## Kommentarer.

### 1. Fakturaer som kommer til RIR har nå følgende behandling:

- Rene næringsfakturaer: konteres direkte i RIR Næring.
- Rene husholdningsfakturaer: konteres direkte i RIR IKS
- Blandede fakturaer: konteres i RIR IKS og viderefaktureres RIR Næring etter oppsplitting.

Det arbeides også med å få leverandørene til å sende faktura til rett selskap. Fakturaer adressert til feil selskap returneres. Men noen fakturaer må splittes internt, f.eks. faktura på bruk av frankeringsmaskinen. Der det ikke er eksakt grunnlag for en splitting, gjøres dette etter en sjablong avhengig av avfallsmengde eller årsverk.

Denne sjablongen er nå gått gjennom, se kommentar 4, og gjøres på nytt minimum 2 ganger pr. år i forbindelse med budsjett og årsregnskap.

### 2. Etterdrift av deponiet.

Vi har fått utarbeidet en egen rapport med vurdering av behovet for etterdriftsfond. Deponiet skal etter dagens regler kunne driftes i 30 år etter stenging. Det totale behovet vil være 33 mill. 2011-kroner. Dette dekkes inn gjennom en pant på eiendommen og et finansielt fond på 13 mill.

Oppbygging av dette fondet er satt inn i økonomiplanen. Det vil være nødvendig å gjøre denne vurderingen på nytt etter noen år, siden tomteverdien og nye regler kan endre kravet. Fondet er etter disponering av overskudd fra 2011 på 7,8 mill. kr.

### 3. Kryss-subsidiering.

Det er gjort et arbeid med gjennomgang av rutiner for behandling av eksterne fakturaer, som nevnt ovenfor, men også internfaktureringen fra IKS til AS (fra husholdning til næring) er lagt om. Når RIR Næring «bruker» tjenester i RIR IKS, skal disse faktureres på helt normal måte fra IKS. Fakturaen fra IKS til AS skal inneholde innsamling og behandling av eksakt volum næringsavfall, et fast beløp for

husleie, administrasjon o.l. etter en fordeling av kostnadene mellom selskapene. Eventuell leie av utstyr framgår eksakt.

Dette gjør at resultatet i RIR Næring blir liggende igjen i RIR Næring, og ikke som tidligere har inngått i IKS-resultatet. En eventuell overføring av konsernbidrag må da avgjøres av rep. skapet i RIR IKS og generalforsamling i RIR Næring AS.

Kontoplanen for begge selskapene er endret/utvidet for å lette dette arbeidet.

#### 4. Selvkostberegnning og etterkalkyle

Det er gjort beregning av selvkost på områdene husholdningsrenovasjon og slam. Dette er satt opp etter malen i veileder fra Kommunal- og regionaldepartementet, H-2140 og kvalitetssikret av kommunerevisjonen. Det bygger på en fordeling av RIRs kostnader på de ulike områdene, delvis eksakt og delvis etter en sjablong basert på skjønn. Et notat om hvordan dette praktiseres i RIR er sendt kommunene 08.11.11, se vedlegg. Etterkalkylen for 2011 er trykket i årsmeldingen side 11.

Beregningen har gjort at gebyrene for slamtømming er sterkt redusert, både for 2012 og for 2013.

#### 5. Øvrige punkt.

Vi bistår gjerne med dokumentasjon på hva som er gjort på de øvrige punkt om revisjonen ønsker det. Vi viser også til vår hjemmeside, hvor mye av dette finnes.



Jan-Egil Korseberg

Vedlegg.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Midsund kommune

Dato: 04.12.2013

**SAK 20/13  
ØKONOMIRAPPORT 2. TERTIAL 2013**

Som vedlegg følgjer:

- Økonomirapport 2. tertial 2013

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Kolonnen for periodisert budsjett i flg. rekneskapskjema/budsjettskjema 1A viser eit mindreforbruk på vel 3.1 mill. kroner.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



*Midsund kommune*



**Økonomirapportering**

**2. tertial 2013**

## **Rekneskap per 31.august 2013**

I forskrift om budsjett § 10 om budsjettstyring, er det eit krav om at det gjennom året blir lagt fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i høve til vedteke budsjett. Omgrepa gjennom året og rapportar angir at slik rapportering skal skje med jämne mellomrom, og minimum to gongar per år. Midsund kommune legg opp til tertialrapportering.

Budsjett er gitt med netto driftsrammer per hovudansvar og netto investeringsrammer per prosjekt.

Om det ligg føre rimeleg grunn til å tru at det kan oppstå nemneverdige avvik i høve til vedteke eller regulert budsjett, er det eit krav om forslag til tiltak. Med tiltak blir det ikkje berre sikta til justeringar i dei oppførte inntekter og løyvingar som må til for å sikre kravet til balanse i budsjettet, men også til tiltak innanfor rammene, som justeringar av måltal, tenesteinnhald og liknande.

Rådmannen har innhenta informasjon frå einingsleiarane om forventningar til tenester og kostnader sett opp i mot tildelt ramme for 2013. Nokre einingar varslar om nye lovpålagede tiltak som må settast i gang og behov for auke i budsjetttramme. Dersom vedteken netto driftsramme på hovudansvara må endrast, skal rådmannen legge fram eigne saker om dette til kommunestyret.

### **Oppsummering - drift**

- Manglar avklaring på skjønnsmidlar/auke i rammeoverføringane, budsjettet 1.5 mill. kroner
- Det er meldt inn nye tiltak med auka kostnader for kommunen der einingane ikkje ser at desse kan dekkast innanfor vedteken ramme. Det er så langt meldt om og talfesta om lag 1.3 mill. kr.
- Elles ser det ser ut til at drifta i einingane med sine rammer på nesten 118 mill. kr i all hovudsak går i balanse.
- Lågare lønnsvekst i 2013 enn budsjettet bør gi ei samla innsparing i einingane på 0,5 mill. kr.
- Endre regelverk for pensjonsrettar gjer at sjølv tilsetting i små stillingar skal meldast inn i KLP frå sommaren 2013. Dette medfører auka pensjonskostnader for oss.
- Lågt rentenivå på lån gjennom heile året gjer at vi ikkje forventar meirforbruk på finansområdet.

### **Oppsummering - investering**

- Regulert investeringsbudsjett på investering i anleggsmidlar for 2013 er på 22.4 mill. kr
- Myratun vart teke i bruk no i sommar. Det er i år budsjettet med å bruke brutto 11.1 mill kroner. Investeringstilskot er rekna til 5.4 mill. kroner. Det vert seinare lagt fram eige sak for kommunestyret om prosjektet.
- Rådmannen legg fram eiga sak med forslag til budsjettendring på investeringsprosjekt for 2013

## Nærare om forventningar for drifta i 2013

**Skatt og rammetilskott og andre generelle statstilskot:** Budsjett 121 mill. kr

Budsjett legg til grunn 1,5 mill. kr auke i skjønnsmidlar. Fylkesmannen gjer si tildeling først i oktober/november 2013.

**Finans:** Budsjett netto 8.6 mill. kr, gjennomsnittleg rente på lån 3 % og 4.8 mill. kr i avdrag.

Det er per i dag ikkje grunnlag for å forvente at kommunen sine netto finanskostnader kjem til og verte høgare enn budsjettet.

### Likviditet

Likviditeten er god og rådmannen vurderer likviditeten som innanfor lov og reglement.

*Sjå vedlagt finansrapport per 31.august*

### Fond - avsetning til disposisjonsfond:

Budsjettet avsetning til disp fond er på 3.1 mill. kr.

- Saldo på disp fond var per 31.12.2012 kr 475 000,-
- I opprinnelig budsjett låg det inne ei avsetning på 2 mill. kr
- Mindreforbruk i 2012 på 1.1 mill. kr er satt av til disposisjonsfond

Bruk av disp fond er budsjettet til 1.6 mill kr.

- Det er per 31.aug vedteke nye løvningar som er finansiert med bruk av disp fond på kr 1.580 000 i drift og kr 26 640,- i investering;
  - Tilskot til slekts og historielaget kr 15 000,-
  - Ekstra ressurs ved Raknes skule kr 230 000,-
  - Ekstra ressurs prosjekt Regnbuen kr 1 335 000,-
  - Kjøp av aksjar i Kystlab AS med kr 26 640,-(investering)

*Drifta elles og budsjettbalanse blir avgjerande for om vi får sett av noko til fondet.*

### Momskompensasjon frå investeringar og overføring til investering, budsjett 3.8 mill. kr

- minimumskrav er 80 % overføring, budsjettet med 100 %
- meir/mindre i momskompensasjon får ikkje verknad på drifta med 100 % overføring

## Generelle kommentarar

### Periodisert driftsbudsjett

Rådmannen gjer merksam på at det er starta opp arbeidet med å få til eit periodisert driftsbudsjett der målsettinga er å få eit betre samanlikningsgrunnlag mellom rekneskap og budsjett. Det er ulik kostnadsfordeling gjennom året for lønn og andre kostnader. Kjøp av tenester blir betalt for til ulike tider og ofte berre ein gong i året. Inntektene fordeler seg også ulikt gjennom året. Å få fram gode grunnlag for periodisering av einingane sine budsjett er ein prosess som tek noko tid og som akkurat er starta opp.

Det er lagt inn eiga kolonne for periodisert budsjett i budsjettetkjerna 1 A og B, sjå vedlegg.

## Nærare om lønn og sjukefråvær per 31.august 2013

### Om forventa lønnsutvikling

Midsund kommune budsjettet med nesten 105 million kroner til i lønn og sosiale kostnader for 2013.

I budsjett 2013 la vi til grunn deflator på 3,3 %, med lønnsvekst 4 % og prisvekst 1,9 %. KS melder om at resultatet av tariffoppgjøret viser ein forventa lønnsvekst på 3,5 % som bør gi ei gjennomsnittleg innsparing for Midsund på 0,5 % eller ca 0,5 mill. kr samla for einingane.

Ny pensjonsreglar for innbetaling til KLP sjølv for små stillingar frå og med sommaren 2013 gir auka kostnader for kommunen og ligg ikkje til grunn for budsjettet pensjon.

Lønn jan-august 2013	2. tertial 2013	Periode	Års- budsjett	% av års- budsjett	2. tertial 2012
Politikk og revisjon	533	577	1 078	49 %	438
Administrasjon og fellesutgifter	3 634	3 884	6 260	58 %	3 103
Oppvekst og kultur	417	410	659	63 %	300
Vaksenopplæring, PPT og spesialskular	1 311	1 279	2 059	64 %	816
Midsund skule	7 733	8 593	13 840	56 %	7 541
Raknes skule og SFO	4 322	4 257	6 963	62 %	3 189
Privat grunnskule	62	33	54	115 %	28
Midsund kulturskule	995	979	1 580	63 %	735
Midsund barnehage	3 604	3 873	6 236	58 %	2 906
Nord-Heggdal barnehage	2	0	0		484
Gjerdet-barnehage	5 380	5 651	9 103	59 %	3 638
Andre barnehagar	37	0	0		3
Helse- og omsorg adm og fellesutgifter	491	495	800	61 %	381
Helsetenester	2 974	3 037	4 902	61 %	1 883
Midsund sjukeheim	13 664	13 454	21 392	64 %	10 882
Heimetenesta	6 200	4 982	7 908	78 %	4 964
Butenesta	10 823	10 455	16 847	64 %	6 912
NAV, sosialtenesta	481	554	876	55 %	440
Teknisk administrasjon og fellesutgifter	2 704	2 792	4 501	60 %	2 114
Eigedomsforvaltning	2 358	2 759	4 399	54 %	1 763
Kommunale utleigebustader	2	0	0		0
Brann- og oljevern	737	741	1 160	64 %	746
Kommunale vegar, samferdsel	30	13	21	143 %	32
Landbruk og viltforvaltning	25	0	0		0
VAR	277	67	100	277 %	250
Prerieawik	0	0	-2 030	0 %	0
Ikkje fordelte inntekter og utgifter	0	128	213	0 %	0
<b>sum art 1010:1099 - art 1710</b>	<b>68 798</b>	<b>69 014</b>	<b>108 921</b>	<b>63 %</b>	<b>53 549</b>

\* Samla forbruk 63,2 %, forventa «normalforbruk» på 62% per 31. august.

## Pensjon:

Gjennom året skjer det avsetting av pensjonsutgifter ved kvar lønnskjøring.

KLP si prognose 12.mars 2013 for pensjonspremie er på 11.3 mill kr. Dette er noko lågare enn budsjett. Kalkulert positivt premieavvik er på 2.4 mill kr og noko høgare enn budsjettet.

Når det gjeld SPK har dei ikkje meldt om endringar. Lønnsoppgjerset ser ut til å bli lågare enn det som låg til grunn i KLP og SPK sine prognosar på 4 %.

Positive premieavvik gjer årets pensjonskostnader for kommunen mindre og det er flott, men det må dekkjast inn igjen over dei neste 10 åra.

Hensikta er jamnare fordeling av pensjonskostnader på sikt.

Lågare pensjonspremie gir innsparing, men nye reglar om innmelding/innbetaling av pensjon sjølv i små stilling frå juni 2013 gir igjen auke i kostnadene våre.

## Om sjukefråvær ved eigen sjukdom og ved barns sjukdom:

Tabell over sjukefråvær :

	Teneste-gruppe	2. tertial 2013	2. tertial 2012	2. tertial 2011	Kommentar
1	Politikk og administrasjon	1,9	10,0	2,7	
2	Oppvekst og kultur	5,3	3,2	6,2	
3	Helse og omsorg	6,7	10,9	5,7	
4	Teknisk	7,0	5,3	5,1	
	<b>Snitt på kommunen totalt</b>	<b>5,8</b>	<b>7,2</b>	<b>5,7</b>	

### Kommentarar:

- Sjukefråværet har gått ned med 1,4 % frå same periode i fjar og ligg om lag på same nivå som i 2011.
- Vi har sterkt fokus på sjukefråvær
- Midsund budsjetterer ikkje med refusjon sjukelønn/svangerskapspengar eller med tilsvarande lønnskostnadars til vikar.
- Bokført refusjon sjukelønn per 31.august kjem på om lag 3,5 million kroner.

## Om fråvær ved barns sjukdom

Tabell med oversikt over tall på dagar med fråvær ved barns sjukdom per tenestegruppe:

	Fråvær ved barns sjukdom	2. tertial 2013 dagar	2. tertial 2012 dagar	2. tertial 2011 dagar	Kommentar
1	Politikk og administrasjon	3	4	3	
2	Oppvekst og kultur	68	93	68	
3	Helse og omsorg	56	38	23	
4	Teknisk	1	1	0	
	<b>Sum dagar og %</b>	<b>128 dagar 0,3%</b>	<b>136 dagar 3,0%</b>	<b>94 dagar 0,2%</b>	

### Kommentarar:

- Fråvær ved barns sjukdom er ikkje med i den ordinære sjukefråværstatistikken
- Slikt fråvær krev og vikarar
- Fråvær ved barns sjukdom varierer mykje mellom elles like einingar ut i frå alder på staben

## Generelle kommentarar

### Periodisert driftsbudsjett

Rådmannen gjer merksam på at det er starta opp arbeidet med å få til eit periodisert driftsbudsjett der målsettinga er å få eit betre samanlikningsgrunnlag mellom rekneskap og budsjett. Det er ulik kostnadsfordeling gjennom året for lønn og andre kostnader. Kjøp av tenester blir betalt for til ulike tider og ofte berre ein gong i året. Inntektene fordeler seg også ulikt gjennom året. Å få fram gode grunnlag for periodisering av einingane sine budsjett er ein prosess som tek noko tid og som akkurat er starta opp.

## Tilbakemelding frå rådmann og einingsleiarar om drift og investeringsprosjekt

### Politikk, administrasjon

#### Drift

Regnskap	Regnskap	Prognose resten av året	Prognose på året	Budsjett	avvik
	2. tertial 2013			2013	
100 Politikk og revisjon	1 082	801	1 883	1 883	-
110 Administrasjon og fellesutgifter	3 971	4 558	8 529	8 379	-150
120 Tilskot til Midsund sokn og til andre trudomssamfunn	1 000	522	1 522	1 482	-40

- **Admin og fellesutg:** Fellesutgifter ligg høgt, posten kontingenter, avgifter og gebyr er for lågt budsjettert. Omfattar annonsering av stilling ledig, kontingen Ks, medlemskap i ROR m m.
- **Tilskot til andre trudomssamfunn-** budsjettramme ligg om lag kr 40 000,- lågare enn det vi overførte for 2012.
- Rådmannen vurderer om det skal leggast fram eiga sak om budsjettendring

Elles er det ikkje forventa meir- eller mindreforbruk i 2013

#### Investering

Investering	Regnskap	Prognose	Prognose	Buds(end)	avvik
	2. tertial 2013	aug-des	2013	2013	
130 Visma Enterprise	12	38	50	-	-50
150 IKT Nye maskin- og programvarer	-	-	-	300	300

**Prosjekt 130:** Kostnader til oppgradering av Visma Enterprise var budsjettert i 2012, men vart ikkje ferdig. Rådmann foreslår dekning med tilsvarande reduksjon i prosjekt 150.

**Prosjekt 150:** IKT Nye maskin- og programvarer. Ramma er meint til dekking av kostnader med moa oppgradering av saksbehandlarsystem. Med ny organisering av IKT gjer vi ikkje noko med Ephorte i 2013. Det ligg og inne ein generell reserve til nødvendig kjøp av nytt utstyr om noko uføresett skjer. Ramma kan delvis omdisponerast

Investering	Regnskap 2. tertial 2013	Prognose aug-des	Prognose 2013	Buds(end) 2013	avvik
Midsund Sokn Olerøy kyrkje -					
192 kyrkjegard opparbeidiing nytli felt	1 525	275	1 800	1 800	0
Midsund Sokn Nord Heggdal kapell -					
194 nødulgang	12	328	340	260	-80

Prosjekt 192: Prosjekt er ferdig, manglar sluttoppgjer, omrent i balanse i forhold til ramme

Prosjekt 194: Prosjektet er under arbeid. Grunna krav til universell utforming inne på området og som ikkje var med opprinnelig kostnadsoverslag må ramma aukast med kr 80 000,-

Rådmannen legg fram eiga sak om budsjettendringar for investering

## Oppvekst og kultur

Regnskap	Regnskap 2. tertial 2013	Prognose resten av året	Prognose på året	Budsjett 2013	avvik
200 Oppvekst og kultur	644	627	1 271	1 271	0
210 Vaksenopplæring, PPT og spesialskular	1 363	791	2 154	2 154	0
240 Privat grunnskule	689	212	901	801	-100
250 Midsund kulturskule	816	554	1 370	1 370	-
290 Andre barnehagar	324	100	424	309	-115

- Forventa meirforbruk privat grunnskule skuldast nye spesialpedagogiske tiltak
- Kostnad ved kjøp av barnehageplass i anna kommune er ikkje innarbeidd i inneverande års budsjett

Elles er det ikkje forventa meir- eller mindreforbruk i 2013

## Midsund skule

Regnskap	Regnskap 2. tertial 2013	Prognose resten av året	Prognose på året	Budsjett 2013	avvik
220 Midsund skule	8 650	6 550	15 200	15 259	59

Ikkje forventa meir- eller mindreforbruk i 2013

## Raknes skule og SFO

Regnskap	Regnskap 2. tertial 2013	Prognose resten av året	Prognose på året	Budsjett 2013	avvik
230 Raknes skule og SFO	4 815	2 396	7 211	7 146	-65

Einingsleiar varslar om ytterlegare behov for ekstra ressurs frå hausten 2013 i 1. klasse. Kostnad er rekna til kr 65 000,- Rådmannen vurder om det skal leggast fram sak om budsjettendring. Elles er det ikkje forvente meir- eller mindreforbruk i 2013

## Midsund barnehage

Regnskap	Regnskap	Prognose resten av året	Prognose på året	Budsjettt	avvik
	2. tertial 2013			2013	
260 Midsund barnehage	3 002	2 333	5 335	5 335	-

Ikkje forventa meir- eller mindreforbruk i 2013

## Gjerdet barnehage

Regnskap	Regnskap	Prognose resten av året	Prognose	Budsjettt	avvik
	2. tertial 2013		på året	2013	
280 Gjerdet barnehage	4 588	3 212	7 800	7 800	-

Einingsleiar varslar at det vil komme vedtak på ekstra tiltak som utgjer om lag 20 % spes.ped. frå oktober 2013, kostnadsrekna til om lag kr 40 000,-

Elles er det ikkje forventa meir- eller mindreforbruk i 2013

## Investeringar - Oppvekst og kultur

Investering	Regnskap 2. tertial 2013	Prognose aug-des	Prognose 2013	Buds(end) 2013	avvik
200 IKT Barnehagane Visma	138	-	138	150	12
220 IKT Midsund skule	470	15	485	370	-115
230 IKT Raknes skule	161	5	166	100	-66

### Kommentar

**Prosjekt 200** Visma barnehage er ferdig og teke i bruk

**Prosjekt 220 og 230 IKT i skulane:** Her forventas det ein samla meirkostnad på om lag kr 180 000,- Rådmannen vurderer alternative løysingar for å finansiere prosjektet med enten dekking av meirkostnad i drifta til einingane eller å be kommunestyret om tilleggsløyving.

## Helse- og omsorg

Regnskap	Regnskap 2. tertial 2013	Prognose resten av året	Prognose på året	Budsjett	avvik
				2013	
300 Helse- og omsorg adm og fellesutg	538	505	1 043	1 043	-
310 Helsetenester	6 477	1 847	8 324	8 324	-
320 Midsund sjukeheim	12 263	6 702	18 965	18 965	-
330 Heimetenesta	6 677	1 773	8 450	8 285	-165
340 Butenesta	12 995	-3 100	9 895	9 895	-

### Kommentarar

#### Helse og omsorg administrasjon

Ikkje forventa meir- eller mindreforbruk i 2013

#### Helsetenesta

Samhandlingsreforma: Midsund kommune sin bruk av tenester 31.08 ligg under innbetalt og vi reknar ikkje med ein meirkostnad på året. Midsund er vertskommune for legevaktsamarbeidet i 2013 og 2014 og forskotterer lønn, refunderast av Aukra og Sandøy i des. Ikkje forventa meirforbruk i 2013

#### Midsund Sjukeheim

Rekneskapen for 2. tertial viser god balanse og det er ikkje forventa meirforbruk i 2013

#### Heimetenesta

- Lønnskostnader ligg høgt per 31.08. Det kjem ei overføring/korreksjon av påløpne kostnader 1. halvår frå heimetenesta til Butenesta .
- Det har påløpt ekstra kostnader til tilrettelegging i heimen fordi personar blir sendt tidlegare heim. Kan dekkast av midlar avsatt til samhandlingsreform.
- Dagaktivitet for heimebuande demente kjem ut med eit meirforbruk på kr 165 000,-

#### Butenesta:

Butenesta har høge lønnskostnader per 31. august. Dette skuldast ekstra bruk av personell, 2:1 bemanning. Det meste av meirkostnaden blir dekt av auke i refusjon særleg ressurskrevjande tenester

#### NAV, sosialtenesta

Regnskap	Regnskap 2. tertial 2013	Prognose resten av året	Prognose på året	Budsjett	avvik
				2013	
360 NAV, sosialtenesta	1 255	625	1 880	1 680	-200

Nav leiar varsel forventa meirforbruk på utbetaling av økonomisk sosialhjelp mot budsjett på om lag kr 200 000,-

Rådmannen vurderer sak om eventuell budsjettjustering

## Barnevern

Regnskap	Regnskap	Prognose resten av året	Prognose på året	Budsjett	avvik
	2. tertial 2013			2013	
370 Barnevern		924	804	1 728	1 508 -220

Forventa meirforbruk i 2013 er på kr 220.000,-. Vårt budsjett for 2013 er lågare enn Molde kommune sitt budsjett for barnevernstenesta  
Rådmannen vurderer sak om eventuell budsjettjustering

## Teknisk og VA

### Teknisk drift

Regnskap	Regnskap	Prognose resten av året	Prognose på året	Budsjett	avvik
Regnskap	2. tertial 2013			2013	
400 Teknisk admin og fellesutgifter	293	625	918	918	-
410 Egedomsforvaltning	4 807	5 600	10 407	10 552	145
420 Kommunale utleiebustader	-695	-360	-1 055	-1 135	-80
430 Oppmåling, byggesak og planarbeid	381	-110	271	201	-70
440 Brann- og oljevern	1 062	865	1 927	1 927	-
450 Kommunale vegar, samferdsel	845	1 250	2 095	1 979	-116
460 Landbruk og viltforvaltning	43	245	288	318	30

#### Generelt.

Avskrivningar blir ført i periode 12.

Gjer merksemd på tal på ansvar er stadig under endring: Nord Heggdal barnehage er seld, Raknes barnehage er seld, Eik er seld, Myratun kjem inn, Lyngja 3 er seld.

#### 400 Administrasjon og Felles vedlikehald

Ligg omrent i rute etter budsjettet. Resultatet kjem litt ann på når dei enkelte tinga blir bokført.

#### 410 Egedomsforvaltning

Rekneskapet i rute. Fleire bustadar på 300 serien og 500 serien som burde vert pussa opp. Bygga burde vert mala utvendig. Kan ligge ann til eit lite underforbruk.

- Sjukeheimen - Kjøl og frys aggregatet er oppbrukt. Håper den held til nytt budsjett 2014.
- Raknes skule hovudkortet på brannalarmanlegget (1997) er oppbrukt – Håper den held til nytt budsjett 2014.

#### 430 Oppmåling, byggesak og planarbeid

Stort sett etter budsjett. Litt sviktande inntekt på oppmåling.  
Overforbruk på regulering (sentrumsutvikling) på ca. kr. 50`.

#### 440 Brann- og oljevern

Budsjettmessig i rute.

#### 450 Kommunale vegar, samferdsel

Må rekne med eit overforbruk.

## 460 Landbruk og viltforvaltning

Som budsjettet

### Konklusjon:

Teknisk har eit skjørt budsjett som ikkje tåler noko uforutsett.

Vanskeleg å danne seg eit bilde av sluttresultatet. Ligg omtrent der vi brukar å vere på denne tida av året. Det er viktig å få meir fart i utvendig vedlikehald av byggja.

### Teknisk investering

Regnskapsskjema 2B - investering	Regnskap 2. tertial 2013	Prognose aug-des 2013	Prognose 2013	Buds(end) 2013	avvik
423 Gjerdel barnehage - nybygg/nyanlegg *	117	73	190	-	-190
425 Helsecenteret - ombygging undersøkelsesrom	-	380	380	350	-30
426 Myratun	7 972	3 128	11 100	11 100	-0
440 Digitale kart *	-	-	-	180	180
450 Brannvesenet - ulstyr	113	-	113	120	7
470 Selvika Byggetrinn I og II *	-618	-	-618	-	618
471 Kommunale vegar - opprusting *	-	600	600	600	-
472 Veg og parkering ved Nord Hegdal kapell	1	3 399	3 400	3 400	0
474 Asfaltering kommunale vegar	-70	570	500	500	0
477 Tomt/grunn Midsund sentrum Midsund Marina *	4	496	500	500	-0
478 Fjellsenden Parkeringsplass *	-25	25	-	450	450
480 Gangveg og veglys Breivikvegen	376	524	900	400	-500
482 Skilting	-	60	60	100	40

### Kommentarar

#### P Teknisk

	Kommentarar
423 Gjerdel barnehage - nybygg/nyanlegg	Avslutning av prosjektet i sep/okt - byggjerekneskap i novemb
425 Helsecenteret - ombygging undersøkelsesrom	Litt overskridning av budsjettet
426 Myratun	All utført - arbeider med sluttrekneskapet.
428 Butenesta - Aktivitetssenter nybygg/nyanlegg	
440 Digitale kart	Får ingen kostnadar i år
450 Brannvesenet - ulstyr	Ferdig - Kjøpt ny brannpumpe
470 Selvika Byggetrinn I og II	Består av grunnkjøp og sal av tomter
471 Kommunale vegar - opprusting	Butikkcenteret - under arbeid
472 Veg og parkeringsplass ved Nord Hegdal kapell	Under arbeid
474 Asfaltering kommunale vegar	Asfalt og gatelys på Gangstadfeltet - ferdig i oktober
477 Tomt/grunn Midsund sentrum Midsund Marina	Avslutte makebytte
478 Fjellsenderi Parkeringsplass	Arbeider med grunneigaravtalar - P - plassen blir ikkje opparb. Ferdig untatt gatelys - arbeider med sluttrekneskap- blir
480 Gangveg og veglys Breivikvegen (k-sak juni 2011)	overskridning - dårlig grunn enn antatt. Formannskapet er
482 Skilting	

### Konklusjon

Eininga slit med å få utført alle tiltaka som står på budsjettet i år. Men vi er på rett veg.

## V A R

### Drift

Fordelinga mellom ansvara og avskrivingar er ikkje fult utført, så det er vanskeleg å danne seg eit eksakt bilde. Har ikkje fått i inntektene for 2. termin endå.

Budsjetterarbeidet for 2014 blir svært viktig for å få betale tilbake lånei på Slam og Renovasjon til Midsund kommune

### Investering

Regnskapsskjema 2B - investering	Regnskap 2. tertial 2013	Prognose aug-des 2013	Prognose 2013	Buds(end) 2013	avvik
500 Kommunalt vatn - Midsund Vassverk	-	50	50	100	50
523 Kommunale avløp - Bøen og Brokvika	-	150	150	800	650
525 Kommunale avløp	-	50	50	100	50
526 Kommunale avløp - Pumpestasjon Stormyra	87	313	400	400	0
527 Kommunale avløp - Slamavskiller Rakvågen - Torsvika		300	300	300	-

### Kommentarar

#### P Vatn og avløp

500 Kommunalt vatn - Midsund Vassverk
523 Kommunale avløp - Bøen og Brokvika
525 Kommunale avløp
526 Kommunale avløp - Pumpestasjon Stormyra
527 Kommunale avløp - Slamavskiller Rakvågen - Torsvika

#### Kommentarer

div. post
Startar planlegging - ingen fysisk arbeid i år
div. post
Under arbeid
Under arbeid

Eininga slit med å få utført alle tiltaka som står på budsjettet i år. Men vi er på rett veg.

## Om investeringane i 2013

Som hovedregel skal alle prosjekt være finansiert fullt ut.

Investeringsbudsjettet er eittårig som driftsbudsjettet. Ein gjennomgang av forventa framdrift på dei ulike prosjekta og justering av rammer bør gjerast jamleg og med fordel heilt fram 31.12.

Regnskapsskjema 2B - investering	Regnskap	Prognose		Buds(ende)	avvik
		2. tertial	2013	aug-des	2013
130 Visma Enterprise	12			50	-50
150 IKT Nye maskin- og programvarer	-			-	300 300
192 Midsund Sokn Oterøy kyrkje - kyrkjegard opparbeid	1 525	275	1 800	1 800	0
194 Midsund Sokn Nord Heggdal kapell - nødutgang	12	328	340	260	-80
200 IKT Barnehagane Visma	138	-	138	150	12
220 IKT Midsund skule	470	15	485	370	-115
230 IKT Raknes skule	161	5	166	100	-66
423 Gjerdel barnehage - nybygg/nyanlegg *	117	73	190	-	-190
425 Helsecenteret - ombygging undersøkelsesrom	-	380	380	350	-30
426 Myratun	7 972	3 128	11 100	11 100	0
440 Digitale kart *	-	-	-	180	180
450 Brannvesenet - utstyr	113	-	113	120	7
470 Selvika Byggetrinn I og II *	-618	-	-618	-	618
471 Kommunale vegar - opprusting *	-	600	600	600	-
472 Veg og parkering ved Nord Heggdal kapell	1	3 399	3 400	3 400	0
474 Asfaltering kommunale vegar	-70	570	500	500	0
477 Tomt/grunn Midsund sentrum Midsund Marina *	4	496	500	500	0
478 Fjellsenden Parkeringsplass *	-25	25	-	450	450
480 Gangveg og veglys Breivikvegen	376	524	900	400	-500
482 Skilting	-	60	60	100	40
500 Kommunalt vatn - Midsund Vassverk	-	50	50	100	50
523 Kommunale avløp - Bøen og Brokvika	-	150	150	800	650
525 Kommunale avløp	-	50	50	100	50
526 Kommunale avløp - Pumpestasjon Stormyra	87	313	400	400	0
527 Kommunale avløp - Slamavskiller Rakvågen - Torsvika	300	300	300	-	-

Rådmannen sitt forslag til endring i budsjetterte investeringsrammer for 2013  
– sjå eige sak

## Vedlegg 1

### Finansrapport per 31.august 2013

Midsund kommune sitt finansreglement vedteke 18. november 2010 seier at finansrapport skal leggast fram for kommunestyret kvar tertial.

Nytt finansreglement og rutinar for finansforvaltning leggast vart vedteke i 5. september i kommunestyret i sak nr 41.

#### Likvide midlar

Midlar meint til driftsformål, ubunde investeringsfond og ubrukte lånememiddel er plassert i bankinnskot i norske sparebankar. Samla bankinnskot per 31.august 2013 var på om lag 25 million kroner. ( eks skattetrekk og næringsfond)

Vi har 7,3 mill. kr plassert med binding til 15.10.2013 til 3,15 % renter. I tillegg har vi 8,4 mill.kr med 3 md binding til 3,5 % rente. Elles er midlane plassert i bankinnskot i sparebankar utan binding.

Rådmannen meiner at forvaltninga av kommunen sine likvide midlar er i samsvar med vedteke finansreglement

#### Gjeldsportefølje


Midsund kommune hadde per 30.08.2013 136,8 mill. kr i lån i Kommunalbanken og 1,2 mill. kr i lån i Husbanken til eigne formål.

#### Frå Kommunalbanken sin porteføljeoversikt på våre lån per 30. mai 2013

Nummer	Betlop	Restgjeld	Rente	Bindingstid	Produkt	Rentetype	Type	Standato
20090408	37 923 420	18 068 010	2,02 %	16.09.2013	Flytende rente	3 mnd Nibor	Serie	15.06.2009
20100053	44 800 000	38 629 850	3,57 %	08.11.2015	Fast rente	Fastrentelån	Serie	08.02.2010
20090085	88 784 000	80 124 740	2,13 %	18.11.2013	Flytende rente	3 mnd Nibor	Serie	16.02.2009

Nummer	Betlop	Restgjeld	Rente	Termin	Avdrag	Innlastingsdato	Betlop	Rente	Termin
20090408	37 923 420	18 068 010	2,02 %		4	2	15.12.2039	30,52	0,02 2,04 %
20100053	44 800 000	38 629 850	3,57 %		2	2	09.05.2050	40,27	2,16 3,60 %
20090085	88 784 000	80 124 740	2,13 %		4	2	16.02.2049	40,03	0,19 2,15 %

Fordeling fast og flytende rente lån  
KBN



**Lån i Husbanken - følgjer Husbanken sine lånevilkår**  
til vidare utlån 10.5 mill. kr  
til eigne formål 1.2 mill. kr

Vi har per 31. august 2013 ikkje meir midlar til vidare utlån – startlån. Ventar på svar frå Husbanken om auka ramme for 2013.

Rådmannen meiner elles at forvaltninga av kommunen si gjeldsportefølje er i samsvar med vedteke finansreglement.

**Langsiktige finanzielle aktiva**

Midsund kommune har ikkje sett av eigne midlar til meir langsiktige finanzielle aktiva

Vi har i dag eit innskot med noko lenger bindingstid enn gjeldande finansreglementet seier, elles meiner rådmannen at finansforvaltninga er i samsvar med gjeldande finansreglement for Midsund kommune

Midsund 9. september 2013

Ketil Ugelvik  
rådmann

## Vedlegg nr 2

### Rekneskap skjema 1 A per 31. august 2013

Regnskapsskjema 1A - drift	Regnskap 2. tertial 2013	Per Budsjett 2013	Reg Budsjett 2013	Budsjett 2013	Regnskap 2. tertial 2012
Skatt på inntekti og formue	27 956	29 106	44 100	44 100	27 387
Ordinært rammelikskudd	51 779	51 788	75 975	75 975	49 329
Andre generelle statstilskudd	271	-	960	960	425
Sum frie disponible inntekter	80 006	80 894	121 035	121 035	77 142
Renteinntekter og utbytte	456	500	750	750	1 410
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	2 426	2 250	4 500	4 500	2 954
Avdrag på lån	2 877	2 400	4 800	4 800	2 492
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-4 846</b>	<b>-4 151</b>	<b>-8 550</b>	<b>-8 550</b>	<b>-4 036</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-	-
Til ubundne avsetninger	1 112	741	3 112	2 000	-
Til bundne avsetninger	2 149	932	1 400	1 400	2 092
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	1 112	741	1 112	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	-	1 580	1 580	-	-
Bruk av bundne avsetninger	428	1 610	1 610	1 610	1 220
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-1 720</b>	<b>2 258</b>	<b>-1 790</b>	<b>-1 790</b>	<b>-871</b>
Overført til investeringsregnskapet	-	-	3 800	3 800	-
Til fordeling drift	73 439	79 001	108 475	106 895	72 235
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	75 865	75 846	108 475	106 895	66 421
<b>Periodisk avvik</b>	<b>-2 426</b>	<b>3 155</b>	-	-	<b>5 814</b>

#### Kommentar til avvik mellom rekneskap og periodisk budsjett:

- \* Finans: Netto finans i periodisk budsjett er litt lågt i forhold til betalt per 31.august.  
Men forventar ikke meirforbruk pr. 31.12
- \* Avsetning til fond og bruk av fond: Vanskeleg å få til godt nok periodebudsjett og årsbudsjett.

## Rekneskapsskjema 1 B per 31.august 2013


Regnskapsskjema 1B - drift	Regnskap 2. tertial 2013	Per Budsjett 2013	Reg Budsjett 2013	Budsjett 2013	Regnskap 2. tertial 2012
Politikk og revisjon	1 062	1 133	1 883	1 883	982
Administrasjon og fellesutgifter	3 971	5 101	8 309	8 379	4 083
Tilskot til Mødsund sogn og til andre irudomssamfunn	1 000	990	1 482	1 482	609
Oppvekst og kultur	644	766	1 271	1 256	647
Vaksenopplæring, PPT og spesialskular	1 363	1 068	2 154	2 154	1 385
Mødsund skule	8 650	9 510	15 259	15 259	9 578
Raknes skule og SFO	4 815	4 617	7 376	7 146	4 338
Privat grunnskule	689	141	801	801	452
Mødsund kulturskule	816	884	1 370	1 370	783
Mødsund barnehage	3 002	3 308	5 335	5 335	2 760
Gjerdel barnehage	4 590	4 837	7 800	7 800	3 506
Familiebarnehage	324	309	309	309	363
Helse- og omsorg admin og fellesutgifter	538	658	1 043	1 043	424
Helsetenester	6 477	5 990	8 324	8 324	5 865
Mødsund sjukeheim	12 238	11 819	18 940	18 965	11 274
Heimetenesta	6 677	5 227	8 285	8 285	6 220
Butenesta	12 995	12 283	11 230	9 895	6 229
NAV, sosialtenesta	1 255	1 183	1 840	1 840	1 229
Barnevern	924	1 007	1 508	1 508	922
Teknisk administrasjon og fellesutgifter	293	242	918	918	230
Eigedomsforvaltning	4 807	5 188	10 507	10 552	4 506
Kommunale utleigebustader	-695	-906	-1 135	-1 135	-938
Oppmåling, byggesak og planarbeid	381	95	201	201	234
Brann- og oljevern	1 062	1 154	1 927	1 927	1 167
Kommunale vegar, samferdsel	845	998	1 964	1 979	924
Landbruk og viltforvaltning	43	24	318	318	-96
VAR	-110	528	-153	-153	-24
<b>sum fordelt</b>	<b>78 675</b>	<b>78 153</b>	<b>119 066</b>	<b>117 641</b>	<b>68 136</b>
	-	-	-	-	-
Momskompensasjon	-2 170	-2 538	-3 800	-3 800	-1 062
Mølpost avskriving og kalk kostnadar VAR	-645	103	-4 974	-5 129	-652
Premieavvik	-	-	-2 030	-2 030	-
Ikke fordelt inntekter og utgifter	5	128	213	213	-
<b>sum ufordelt 1 B</b>	<b>-2 810</b>	<b>-2 307</b>	<b>-10 591</b>	<b>-10 746</b>	<b>-1 714</b>
<b>sum</b>	<b>75 865</b>	<b>75 846</b>	<b>108 475</b>	<b>106 895</b>	<b>66 421</b>

## Vedlegg 3

### Rekneskap skjema 2 A Investering per. 31. august 2013

Regnskapsskjema 2A - investering	Regnskap 2. tertial 2013	Buds(end) 2013	Budsjett 2013	Regnskap 2012
Investeringer i anleggsmidler (jf 2B)	11 159	22 380	21 280	16 431
Ullån og forskutlinger	3 506	5 377	1 850	4 417
Avdrag på lån	345	500	500	239
Avsetninger	27	-	-	158
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>15 037</b>	<b>28 257</b>	<b>23 630</b>	<b>21 245</b>
<b>Finansiert slik:</b>				
Bruk av lånemidler	-	15 680	11 080	16 667
Inntekter fra salg av anleggsmidler	1 029	2 850	2 850	1 913
Tilskudd til investeringer	-	-	-	-
Møttatte avdrag på utlån og refusjoner	2 299	5 900	5 900	559
Andre inntekter	6	-	-	56
Sum ekstern finansiering	3 334	24 430	19 830	19 195
Overført fra driftsregnskapet	-	3 800	3 800	2 050
Bruk av avsetninger	27	27	-	-
<b>Sum finansiering</b>	<b>3 361</b>	<b>28 257</b>	<b>23 630</b>	<b>21 245</b>
Udekket/udisponert (all bruk av lån bokføres per 31.12)	11 675	-	-	-

- I investeringsrekneskap/rapportering har vi ikke periodisert investeringsbudsjett
- Udekka 11.7 mill kr: All bruk av lån til finansiering av investeringar og utlån - startlån førast først per 31.12



Myratun

Foto Odd Fremstedal

## Rekneskap skjema 2 B Investeringsar per prosjekt, per 31.august 2013

### Oversikt over investering i anleggsmidlar 11.1 mill kr

Regnskapsskjema 2B - investering	Regnskap 2. tertial 2013	Buds(end) 2013	Budsjett 2013	Regnskap 2012
130 Visma Enterprise	12	-	-	25
150 IKT Nye maskin- og programvarer	-	300	300	-
190 Midsund Søkn Olerøy kyrkje - luftfuktar	-	-	-	100
192 Midsund Søkn Olerøy kyrkje - kyrkjegard opparbeiiin	1 525	1 800	1 800	-
193 Midsund Søkn Olerøy kyrkje - kyrkjegard opparbeiiing	-	-	-	64
194 Midsund Søkn Nord Heggdal kapell - nødutgang	12	260	260	-
200 IKT Barnehagane Visma	138	150	150	42
220 IKT Midsund skule	470	370	370	-
230 IKT Raknes skule	161	100	100	-
370 Midsund sjukeheim - telefonsentral	-	-	-	234
423 Gjerdet barnehage - nybygg/nyanlegg	117	-	-	513
425 Helsecenteret - ombygging undersøkelsesrom	-	350	350	-
426 Myratun	7 972	11 100	11 100	10 567
428 Butenesta - Aktivitetssenter nybygg/nyanlegg	-	-	-	1
440 Digitale kart	-	180	300	186
450 Brannvesenet - utstyr	113	120	-	224
470 Selvika Byggetrinn I og II	174	-	-	2 082
471 Kommunale vegar - opprusting	-	600	600	-
472 Veg og parkeringsplass ved Nord Heggdal kapell	1	3 400	2 300	68
474 Asfaltering kommunale vegar	2	500	500	468
477 Tomt/grunn Midsund sentrum Midsund Marina	4	500	500	7
478 Fjellsenden Parkeringsplass	-	450	450	10
480 Gangveg og veglys Breivikvegen (k-sak juni 2012)	376	400	400	115
482 Skilting	-	100	100	-
500 Kommunalt vatn - Midsund Vassverk	-	100	100	310
520 Kommunale avløp - Ny-Hamn	-	-	-	249
521 Kommunale avløp - Støitneset	-	-	-	94
523 Kommunale avløp - Bøen og Brokvika	-	800	1 500	-
525 Kommunale avløp	-	100	100	68
526 Kommunale avløp - Pumpestasjon Stormyra	87	400	-	-
527 Kommunale avløp - Slamavskiller Rakvågen - Torsvika	-	300	-	-
970 Kjøp og sal av eigedom/tomter	-	-	-	1 000
999 Diverse	-5	-	-	5
<b>Sum Investeringsar i anleggsmidlar</b>	<b>11 159</b>	<b>22 380</b>	<b>21 280</b>	<b>16 431</b>

Kommentarar til dei einskilde prosjekta: sjå rapportering per eining

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Midsund kommune

Dato: 04.12.2013

**SAK 21/13  
PLANLEGGING OG PRIORITERINAGAR FOR 2014 (DRØFTINGSSAK)**

Som eit utgangspunkt for dette arbeidet som kan begynne no, kan det vere nyttig å repetere dei mest aktuelle postane i kontrollutvalet sitt årshjul som det er gjort greie for nedanfor. Det bør i planlegginga leggast leggast vekt på konkrete tema som er aktuelle å kontrollere.

**1. Innleiing**

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne eigne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningsliner for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

## **2. Avgrensing**

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

## **3. Heimelsgrunnlag**

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskrifta)

## **4. Saker til behandling i kontrollutvalet**

### **4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet**

#### **4.1.1. Rekneskapsrevisjon**

##### 4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følgjer av kommunelova § 77 nr 4 at ”*kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*” Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følger av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i eigne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er eigne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

##### 4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følgjer av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilhetleg bilet av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld også for kommunale føretak.

Herunder ligg også om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet forløpende rapporterer til kommunestyret om resultata av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore opp til behandling i utvalet.

##### 4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følgjer av kontrollutvalfsforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

### **4.1.2 Forvaltningsrevisjon**

#### 4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal ”*påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*”.

Vidare skal kontrollutvalet sjå til ”*at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger*” - forvaltningsrevisjon.

Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ei fireårsperiode og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følgjer av revisjonsforskrifta § 7.

#### **4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar**

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar til

§ 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultata av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

#### **4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknyting til behandling av forvaltningsrevisjonsrapporter blir følgt opp, jf kontrollutvalsforskrifta § 12.

I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgt opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiing med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

### **4.1.3 Selskapskontroll**

#### **4.1.3.1 Plan for selskapskontroll**

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalsforskrifta § 13.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følgjer av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følgjer av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll, er det ikkje til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

#### **4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll**

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktiorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

#### **4.1.4 Revisjonsplan**

Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksamhet blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at det utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jfr revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.

Kontrollutvalet har ei ”bestillarrolle” når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

#### **4.1.5 Rapport frå revisjonen**

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

#### **4.1.6 Anna**

##### **4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit**

Den som utføre revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpende vurdere si uavhengigheit. Det følgjer av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

##### **4.1.6.2 Val av revisjonsordning**

I dei tilfeller kor kommunen vurderer å tilsette eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med anna revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggast til grunn. Det følgjer av koml § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak foreta ei slik utgreiing og avgje innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

#### 4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling fra kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og legge fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanstående punkt.

#### 4.1.6.5 Budsjettbehandling

I sambande med den årlige budsjettbehandling, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapets innstilling til kommunestyret. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

### **4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle**

#### 4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektuere desse vedtaka. Då kontrollutvalet uteiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltinga, koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og forestår det løpende tilsynet med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksatt frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil være å sjå på som i strid med kommunestyrts vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunnning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningsliner for korleis slike avgjelder skal iverksettast.

#### 4.2.2 Skatterekneskap

Tidligare vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphørde denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneholder og eventuelle forslag til tiltak og forbetringspunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbeteringar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventa at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

#### 4.2.3 Retningsliner for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalforskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjølve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonsforskrifta. Av den grunn bør kontrollutvalet utarbeide eigne retningsliner for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

### **4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet**

#### 4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggast fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapen for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapen blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

#### 4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet.

Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

#### 4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpende tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å føreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt desse i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine eigne bestemmelser. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtak som er fatta innhaldsmessig ikkje stirr mot gjeldande lov og regelverk.

#### 4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningsane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhilde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

#### 4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelserne er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta eigne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- åpne eller lukka møter,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

#### 4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samlede kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

**Det kan vere:**

- Økonomireglement
- Delegeringsreglement
- Personalhandbok
- Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

#### 4.3.8 Krav til god forvaltingsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltingsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare tid i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningskikk skal føreligge ved sjølve sakshandsaminga.

### **5. Tidsfristar for behandlinga**

Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

**Årsmelding /årsrekneskap** skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10 )

**Revisjonsmelding** skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødig opphold etter at årsrekneskapen er avgjort og seinast 15. april (jf revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

**Regnskapsrapportane** skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av **sluttrekneskap** til politisk behandling.

**Overordna plan for forvaltningsrevisjon** skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

**Plan for selskapskontroll** skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgongen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

## **Oppfølging av politiske vedtak**

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med handsaminga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilet av kommunen si verksemd i det føregåande året.

### **6. Rapportering til kommunestyret**

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å legge fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

### **7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett**

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved rekneskapen. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

Harald Rogne  
dagleg leiar